



Møtereferat

Politisk prosjektgruppe – politisk organisering

Møtedato: 29.10.2018	Møtestad: Møterom Haukedalen, Førde rådhus
-----------------------------	---

Møtt	Ikkje møtt
Åsmund Berthelsen Oddmund Klakegg Mathias Råheim Kari Valle Håkon Myrvang Norunn Lunde Furnes Olve Grotle Kari Iren Birkeland Ole John Østenstad Malin Moldestad Bjørnar Karlsen	Gunn Merete Paulsen

Møteleiar: Åsmund Berthelsen	Møtereferent: Malin Moldestad
-------------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Møtereferat 17.10.18 <ul style="list-style-type: none">Godkjent		
2	Folkevalde sine arbeidsvilkår <ul style="list-style-type: none">Prosjektgruppa følgde opp fellesnemnda sitt vedtak i sak 032/18, ved å vurdere forholdet i godtgjersle mellom medlemmane i formannskapet og resten av kommunestyretProsjektgruppa drøfta framlegg frå møtet i fellesnemnda, med følgjande justeringar:<ul style="list-style-type: none">Varaordførar - 30 % av ordføraren si godtgjersleFormannskapet - 15 % av ordføraren si godtgjersleMøtegodtgjersle - 2000 krMøtegodtgjersle for leiarar - 3000 krProsjektgruppa drøfta forholdet mellom godtgjersle til leiarane i hovudutvala og formannschaftsmedlemmane		

	<ul style="list-style-type: none"> • Prosjektgruppa følgjer opp vedak i fellesnemnda og foreslår endringar i reglementet i tråd med justeringane over. • Folkevalde sine arbeidsvilkår vert meldt opp til møtet i fellesnemnda 14.11.18 		
3	<p>Reglement for folkevalde organ</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av det utsende reglementet og kommentarar • Forslag om å definere gyldig fråvær i reglementet <ul style="list-style-type: none"> ○ Konklusjon: Ikkje nødvendig å definere gyldig fråvær. Vektige årsakar må ligge til grunn, og det er opp til møteleiar å avgjere om fråværet er gyldig. • Forslag om å definere folkevald organ i reglementet <ul style="list-style-type: none"> ○ Konklusjon: Ikkje nødvendig å definere folkevalde organ i reglementet. • Forslag om at rimeleg tid for utsending av møteinnkalling vert auka frå normalt seks dagar til åtte dagar <ul style="list-style-type: none"> ○ Kva vekedag møte er lagt til vil ha betydning for utsending, prosjektgruppa uttrykte ønske om torsdag som møtedag Konklusjon: Held på seks dagar av praktiske årsakar • Forslag om talerett i saker i kommunestyret for eldrerådet, ungdomsrådet og kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne <ul style="list-style-type: none"> ○ Konklusjon: Ordføraren kan invitere inn medlemmar når det er høveleg for orienteringar og liknande, men prosjektgruppa ønskjer ikkje at andre skal få talerett i saker i kommunestyret. Råda utarbeidar ei årsmelding som leiaren presenterer for kommunestyret. • Forslag om alternative arbeidsmåtar for større saker <ul style="list-style-type: none"> ○ Prosjektgruppa vurderer, etter framlegg frå ÅB, om alternative arbeidsmåtar bør inn i reglementet, som temamøte/drøftingsmøte, høyringar/paneldebatt, prosjektgrupper og saksordførar. ○ Prosjektgruppa er positive til å vurdere dette - MM og OJØ kjem med forslag om korleis arbeidsmåtar kan innarbeidast i reglementet til neste møte. ○ Dette vert også drøfta med den politiske prosjektgruppa for lokaldemokrati som arbeider med arbeidsmåtar knytt til innbyggjarinvolvering. OJØ avklarar fordeling av arbeidet med den gruppa. • Gjennomgang av formannskapet og hovudutvala sine ansvarsområde <ul style="list-style-type: none"> ○ Vanskeleg å konkludere på dette før arbeidet med delegeringsreglementet har kome lenger ○ Hovudutvala skal handsame kommunedelplanar og temaplanar innanfor sitt fagområde • Ordføraren si mynde <ul style="list-style-type: none"> ○ Kommunelova opnar for at kommunestyret kan delegere vedtaksmynde til ordføraren i hastesaker og ikkje prinsipielle saker, samt mynde til å opprette saksførebuaende organ 		

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Dette må avklarast i delegeringsreglementet. Prosjektgruppa er positiv til at ordføraren får vedtaksmynde i hastesaker, men er skeptisk til dei andre forslaga som bør ligge til andre folkevalde organ. • MM og OJØ arbeider vidare med reglementet • Reglementet vert lagt fram for fellesnemnda i møtet 12.12.18 • Åsmund Berthelsen vil orientere fellesnemnda om arbeidet med reglementet i fellesnemnda 14.11.18 		
4	<p>Delegeringsreglement</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ole John Østenstad orienterer om arbeidet med delegeringsreglmentet og presenterer eit arbeidsdokument med delegeringsmatrise • Arbeidet med delegeringsreglement vert hovudtema i neste møte 		

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.